

Forlag til rettleiing for å arrangera Elevkveld til ungdomskulen på Hafslo

Bakgrunn:

FAU har med bakgrunn i forslag frå elevrådet vedtatt at det arrangerast elevkveldar for ungdomsskuleelevane, klassekontakt(ar) er ansvarleg for gjennomføring.

Retningslinjer:

Nedanfor fylgjer retningslinjer for gjennomføring av elevkveldar, lista er ikkje uttømmende, retningslinjene er ikkje absolutte, slik at dei ikkje er til hinder for å avvike dersom det er formålstenleg for alle involverte partar.

Planlegging:

Dato for elevkveld vert bestemt i samråd mellom FAU og klassekontakt for arrangerande klasse.

Klassekontakt må som ein del av planlegginga ta kontakt med administrasjonen for å reservere gymsal (samt andre rom som trengst) og opplåsing av inngangsdør.

Annonsering (erfaring tilseier at ein ikkje kan informere nok):

- Når dato er vedtatt, så bør dette annonserast i fleire steg:
 - o Leggast ut på kalender på skulen si nettside, ansvarlege FAU-Leiar og Rektor.
 - o Informere via klassane sine Facebookgrupper, ansvarlege FAU-repr og Klassekontakt for ungdomskuleklassane.
 - o Informere elevane, ansvarlege føresette.
- Når det nærmar seg arrangementet 2-3 veker før (inviter også elevar frå Luster Ungdomskule):
 - o Informere via klassane sine Facebookgrupper, ansvarlege FAU-repr og Klassekontakt for ungdomskuleklassane, med «påmelding».
 - o Det bør være «påmelding» for å ha eit forventa tal elevar, slik at ein kjøper inn/lagar til riktig mengde mat, drikke, snop etc. Ansvarlege Klassekontaktar.
 - o Informere elevane, ansvarlege føresette.
 - o Informere elevane via oppslag på skulen, evt ranselpost, ansvarlege FAU-repr, Klassekontakt og kontaktlærer.

Gjennomføring:

Avtal at Hovudinngang til Samfunnsbygget er låst opp, til ein kjem for å rigge til det er også behov for eit «nøkkelnippe» for å kunne låse opp diverse rom med utstyr ein treng.

Elevar frå klassen som arrangera er med å riggar til, det er jo avhengig av kor mykje ein skal rigga, men arrangementskomité inkl. elevar bør møte 1-1,5 t før elevkvelden startar.

Dele inn i «soner» slik at det er rom for fleire «grupper», men kan også bli utfordrande å bruka større område.

Etter ynskje frå elevane, så vart alt samla i Gymsalen;

- Kiosk vart laga til i nedste hjørne av Gymsalen (mot Tang).
- Sofaer, stolar og bord vart flytta ned frå gangen og inn i gymsalen, scene vart satt opp, med ei sofagruppe på scene, og ei sofagruppe på golvet, lys og musikk vart rigga. Salen vart også delt i to, der ein kunne drive ulike aktivitetar.

- Skulekjøken vart nytta til matlaging (Hamburgarar) og «pauserom» for vaktane innimellom.

Kiosksal:

Det har vert moderat sal i kiosken, det var seld i gjennomsnitt pr. elev:

- Brus 1 stk.
- Sjokolade/Snop 1 stk.
- Chips/Poppkorn Halvparten kjøpte 1 glas 0,5l
- Mat (Hamburgar) Halvparten kjøpte, inkl. vaktane

Vakthald:

Vakthaldet bør arrangert på same måte som ved nyttårsballet, slik at det stiller ei mor og ein far frå kvar klasse, det er ikkje fyrst og fremst for å fordele arbeidsoppgåvene, men for å fordele vaktane utover alle kull, når det er slike arrangement, så kan ting oppstå, er det elevar som har behov for ekstra oppfølging, så kan kjennskap/kunnskap om dette være nødvendig, det er også tilfelle det krævast «fremmande» for å oppnå nødvendig respekt. Er det foreldre frå alle klassane, så er det også enklare å sjå om det berre er dei som skal være der som er der.

Vaktene bør være forberedt på å handtera situasjonar som kan oppstå:

- Førstehjelp, kor er utstyr plassert, kven har kunnskap?
 - o Førstehjelpskoffert i matrialrom v/gymsal.
 - o Førstehjelpskoffert og brannskadekoffert i skulekjøken.
 - o Hjartestarter i Luster Sparebank, er det på skulen?
- Brann, kor er utstyr plassert, kven har kunnskap?
 - o Brannslange i gymsal, håndslukkere rundtom.
- Kjennskap/tilgang til utstyr i bygget.
 - o Har nokon nøklar og veit kvar ting er plassert?
- Eldre ungdommar innom «på besøk».
 - o Sørge for at dei forlata skuleområdet.

Ved eit slikt arrangement, så er ein jo på sett og vis ansvarleg for sikkerheten til elevane, det er derfor lurt å sette i saman grupper slik at nokon har kompetanse på nemnte områder, opplistinga er ikkje nødvendigvis uttømmende.